

# ÅLESUND KOMMUNE

## Kontrollutvalet

### MØTEINNKALLING

Kopi: ordfører  
kommunedirektør  
revisjon

Måndag 22. juni kl. 14.00, SKS IKS sine lokale, Lerstadvegen 545.

#### SAKSLISTE:

##### Meldingar:

1. Rekneskapsrevisjon 2019 – Skodje kommune. Brev frå revisjonen datert 28. mai 2020.
2. Førebels revisormelding Ålesund kommune 2019, datert 15. juni 2020.

Sak 17/20	Godkjenning av møtebok frå møte 25. mai 2020.
Sak 18/20	Orientering om nye varslingsrutinar i Ålesund kommune v/ advokat Line Thomassen, kommuneadvokatkontoret.
Sak 19/20	Klage på spreiding av personopplysningar frå Bente Fremmerlid.
Sak 20/20	Forvaltingsrevisjonsrapport om investeringsprosjekt i Ålesund kommune.
Sak 21/20	Årsmelding 2019 Skodje kommune
Sak 22/20	Årsrekneskapen 2019 Skodje kommune.
Sak 23/20	Årsmelding 2019 Sandøy kommune.
Sak 24/20	Årsrekneskapen 2019 Sandøy kommune.
Sak 25/20	Årsmelding 2019 Haram kommune.
Sak 26/20	Årsrekneskapen 2019 Haram kommune.
Sak 27/20	Prosjektrekneskapen 2019 fellesnemnda nye Ålesund.
Sak 28/20	Årsrekneskapen 2019 Ingebrigt Davik Huset KF.

#### Eventuelt

Bente Bruun  
leiar  
(sign.)

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til  
Kontrollutvalet i Ålesund kommune  
Kommunedirektør

## Rekneskapsrevisjon 2019 – Skodje kommune

Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon SA har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2019 for Skodje kommune.

Vår oppgave er i første rekke å gi ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gi ei uttale om disponeringar i forhold til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2019. I dette notatet vil vi gi nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i forhold til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 24-7 i kommunelova.

## Utvalde tema rekneskapsrevisjon – Skodje kommune

### Periodisering av variabel løn for desember

Vi har hatt fokus på periodisering av variabel løn dei siste åra. Kommunane skal følgje anordningsprinsippet som seier at utgifter knytt til aktivitet eit år skal vere med i rekneskapen det året. Kommunane har praktisert at variabel løn for desember, som vert utbetalt i januar, har vorte bokført som utgift i januar.

For dei kommunane som hadde vedtak på å gå saman til nye Ålesund kommune har gitt uttrykk for at dei ville vente til 2019. Da ville dei ha ein mest mogleg korrekt balanse.

Manglande bokføring av variabel løn for desember har ikkje vore vesentleg i forhold til vår grense for vesentlege feil i rekneskapen, og dette avviket frå anordningsprinsippet har ikkje hatt betydning for revisjonsmeldinga.

Skodje kommune har gjennomført periodisering av variabel løn per 31.12.2019.

### Etterrekning av vederlag for opphald i institusjon

Skodje kommune har hatt gode rutinar for etterrekning av vederlag. På grunn av at etterrekninga kan vere komplisert, og at det kan vere lite etterkontroll av pårørande, tek vi denne kontrollen med nokre års mellomrom.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kommunen hadde for liten kapasitet til å ta imot oss da vi skulle gjennomføre kontrollen før årsskiftet. Vi meinte det var viktig å kontrollere medan sakshandsamarane var i gamle Skodje. Vi har tilpassa oss og tatt kontrollen i 2020. Det har gitt utfordringar med at dei som gjorde arbeidet har fått nye arbeidsoppgåver.

Vi har plukka ut nokre etterrekningar som kommunen har gjort og kontrollert dei. Vi meiner at rutinen var på plass, og dei etterrekningane som vi kontrollert var utan vesentlege feil. I eit tilfelle har vi ikkje fått konkludert da vi ventar på ytterlegare informasjon. I tilfelle det er avvik vil dette bli rapportert til sakshandsamar.

## Avstemming av krav på refusjon av sjukepengar

Ved førre årsavslutning fann vi at det var ein del gamle fordringar på refusjon sjukeløn. Vi sette det opp som eit fokusområde for at kommunen kunne gjennomgå desse gamle fordringane.

Ettersom kommunen har vore i ei omstillingsperiode med tilpassing til nye Ålesund, hadde dei ikkje kapasitet til å gjennomgå dei gamle sakene slik dei hadde tenkt. Da vi tok kontakt, bad vi om at dei måtte ta ei vurdering i forbindelse med årsavslutninga. Vi meinte at det ikkje ville vere greitt å finne tilbake til gamle saker frå Skodje etter at dei var kome over i ny kommune.

Tilsette i gamle Skodje kommune gjennomførte derfor ein kontroll av krav på sjukepengar opp mot det som vart utbetalt til Ålesund i januar og februar. Det resterande, kr 390.000, vart tilbakeført. Dersom Ålesund får etterbetalingar frå gamle Skodje kommune, vil dette verte inntektsført utanom lønssystemet.

## Andre forhold

Kommunelova har krav om at kommunane skal betale eit minimum av avdrag på lånegjeld. Det er ein formel for å rekne ut minimumsavdraget. Dersom kommunen har betalt for lite, skal det manglande avdraget bokførast som avdrag og settast av som kortsiktig gjeld per 31.12. Betaling eller anna reduksjon av lån skal gjennomførast neste år. For 2018 hadde kommunen betalt om lag 2 millionar for lite, og beløpet var bokført som avdrag og kortsiktig gjeld i 2018. Dette skulle ha vore betalt i 2019, men det vart ikkje gjennomført. Vi har tatt opp forhold med leiinga, og bede dei om å ordne med betaling så snart som mogleg. Leiinga i Ålesund kommune har stadfesta at dette vert gjort i 2020. I 2019 hadde kommunen betalt tilstrekkelig avdrag på gjeld til å tilfredsstille minimumskravet.

For øvrig har kommunen korrigert både små og store avvik for å få balansen så korrekt som mogleg per 31.12.2019.

Ålesund, 28. mai 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

MRR  
Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

**Uavhengig revisors melding - førebels**

Kommunedirektøren har ikkje kome med ein årsrekneskap og årsmelding for Ålesund kommune for rekneskapsåret 2019 innan den frist som følger av kommunelova. Vi har difor ikkje vore i stand til å utføre revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk innan fristen for å kome med revisjonsmelding 15. juni, jf. *midlertidig lov om unntak fra kommuneloven, IKS-loven og partiloven § 5*.

Denne revisjonsmeldinga vil bli trekt tilbake når vi har gjennomført dei revisjonshandlingar vi finn nødvendige for å uttale oss om årsrekneskapen.

Ålesund, 15. juni 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



---

Anne Nygård  
oppdragsansvarleg revisor

**Sak 17/20 Godkjenning av møtebok frå møte 25. mai 2020.**

**KONTROLLUTVALET I  
ÅLESUND KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 25.05.2020, kl.16.00

Møtestad: møterom 470, lavblokka, rådhuset

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok:

Kåre A. Hanken, Jannicke S. Strømmen, Knut Helge Vestre og Terri Senior.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal. Frå Ålesund kommune deltok personalsjef Roar Reiten på sak 12/20. Frå kommunerevisjonen deltok forvaltningsrevisor Kurt Løvoll, oppdragsansvarleg revisor Anne Nygård og rekneskaprevisor Toril Roaldseth.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

**Sak 11/20 Godkjenning av møtebok frå møte 29. april 2020 (Teamsmøte).**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. mai 2020.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Ålesund kontrollutval godkjenner møteboka frå 29. april 2020.

**Sak 12/20 Gjennomgang av arbeidstidsavtale samt bruk av overtidsreglement i nye Ålesund kommune.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. mai 2020.

Det var ikkje fremma innstilling til vedtak frå sekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar personalsjefen for orienteringa og tar den til vitande. Kontrollutvalet ønskjer å følge dette temaet vidare.

**Sak 13/20 Årsrekneskapen 2019 Ålesund kommunale eigendom KF (ÅKE) .**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. mai 2020.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Ålesund kommunale eigendom KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

**Sak 14/20 Årsrekneskapen 2019 Møre og Romsdal 110 -sentral KF.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. mai 2020.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møre og Romsdal 110 - sentral KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

**Sak 15/20 Årsrekneskapen 2019 Ålesund brannvesen KF**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. mai 2020.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Ålesund brannvesen KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

**Sak 16/20 Risiko- og vesentlegvurdering. Innspel og diskusjon.**

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. mai 2020.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Ålesund kontrollutval tek saka til vitande og ønskjer å framheve følgjande områder for det vidare arbeidet med ei risiko- og vesentlegvurdering: **budsjettprosess, økonomistyring, oppvekst, omdøme/tillit, arbeidsmiljø/HMS, innkjøp, kommunal eigedomsforvaltning, aktiva i balansen.**

## Eventuelt:

1. Leiar Bente Bruun tok opp ei klage som var komen til alle medlemmane i kontrollutvalet frå Bente Fremmerlid. Kontrollutvalet ønskjer ei vurdering av denne klaga på sitt neste møte 22. juni.
2. Endring av møtedato/møtestad: møtet som var avtalt 9. juni blir erstatta av nytt møte måndag 22. juni kl. 14.00, sekretariatet sine lokale i Lerstadvegen 545. Dette fordi fleire årsrekneskap ikkje vert ferdig til 9. juni.

Møtet var slutt kl. 18.05

Bente Bruun  
Leiar  
(sign.)

Jannicke Strømmen  
Medlem  
(sign.)

Knut Helge Vestre  
Medlem  
(sign.)

Kåre Alfred Hanken  
Medlem  
(sign.)

Terri Senior  
Nestleiar  
(sign.)

**Sak 18/20 Orientering om nye varslingsrutinar i Ålesund kommune v/ advokat  
Line Thomassen, kommuneadvokatkontoret.**

**Bakgrunn:**

Saka var satt opp på møte 19. mars 2020 men dette blei avlyst på grunn av koronasituasjonen.

Temaet var fyrste gong omtala på kontrollutvalet sitt møte 15. januar 2020:

*Melding nr. 1 - Status vedkomande hamnevesenet og reguleringsarbeidet i Skutvika.*

*Ålesund kontrollutval tek samrøystes meldinga til vitande.*

*På kontrollutvalet sitt neste møte torsdag 19. mars ønskjer utvalet ei orientering frå rådmann på kommunen sine rutinar knytt til «varsling» som ikkje kjem under arbeidsmiljølova sine definisjonar.*

Saka vert med dette lagd fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



## **Sak 19/20 Klage på spreiking av personopplysningar frå Bente Fremmerlid.**

### **Bakgrunn:**

Ein viser til e-post som er sendt til medlemmene av Ålesund kontrollutval og er datert 24. april 2020.

### **Bente Fremmerlid legg fram følgande påstandar i sin e-post til kontrollutvalet:**

- «1. uriktig lagring av personopplysningar om oss og vår familie*
- 2. kommunen har lagret feilaktige opplysningar, også direkte løgn om oss og vår familie.»*

I klagen som er sendt kontrollutvalet sine medlemmer er det gjort nærare greie for bakgrunnen for klagen, og det heiter m.a.: «... jeg ber nå kontrollutvalet igjen om hjelp. Denne gangen i forbindelse med kommunens håndtering av våre personopplysningar.»

Det er vist til konkrete eksempel på usanningar og direkte løgner, som Bente Fremmerlid ønsker å få retta.

### **Nærare om kontrollutvalet sitt ansvar og mynde:**

Kontrollutvalet er avgjerande for å oppnå ein velfungerande eigenkontroll i den enkelte kommune. Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret og kontrollutvalet saman med sekretariatet, administrasjonssjefen og revisor. Kontrollutvalet arbeider på oppdrag for kommunestyret, og fleirtalet i kommunestyret kan anmode eller pålegge kontrollutvalet å utgreie konkrete saker for kommunestyret.

Enkeltrepresentantar for kommunestyret kan ikkje pålegge kontrollutvalet nokon saker, og i slike tilfelle er det ikkje påkrevd at kontrollutvalet realitetsbehandlar saka. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og har derfor ikke høve til å behandle klager på enkeltsaker. Kommunane har eigne klageorgan som behandlar slike saker. I mange kommunar er det formannskapet, men mange klagesaker blir vidaresendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Kontrollutvalet har heller ikkje mynde til å overprøve politiske vedtak som er fatta, det gjeld også vedtak fatta etter delegasjonsfullmakt. Kontrollutvalet si hovudoppgåve er å drive systemkontroll, dvs. å forvise seg om at kommunen har system som sikrar at saker blir behandla etter lover og vedtak, at gjeldande lover og vedtak er kjende i kommunen, og at dei blir følgd. Kontrollutvalet rapporterer sitt arbeid til kommunestyret, ref. kommunelova § 23-5.

Alle kan likevel ta kontakt med kontrollutvalet. Kontrollutvalet vurderer frå sak til sak om det er ei sak som kjem inn under kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og som kontrollutvalet vil prioritere.

Kontrollutvalet vil imidlertid aldri fatte eit vedtak som rettar seg mot ein innbyggjar, slik at det svært sjeldan oppstår partsrettar for innbyggjarar knytt til vedtak i kontrollutvalet. Alle vedtak som blir fatta i kontrollutvalet skal rette seg mot kommunen. Dersom kontrollutvalet skal fatte vedtak som er bindande for kommunen, må det også vidaresendast kommunestyret for endeleg behandling.

Sekretariatet er også gjort kjent med at klagaren har sendt skriftleg melding/klage til alle kommunestyremedlemmene i Ålesund kommune. Vidare er det opplyst at ordføraren i Ålesund har meddelt kommunestyremedlemmene at denne saka skal handterast av rådmann.

**Tilråding til vedtak i kontrollutvalet:**

Klagen frå Bente Fremmerlid til kontrollutvalet er det ikkje heimel for å behandle i kontrollutvalet. Det ligg utanfor kontrollutvalet sitt arbeidsområde og mynde å ta standpunkt til konkrete klagesaker frå enkeltinnbyggjarar. Ålesund kontrollutval avviser på denne bakgrunnen klagen frå Bente Fremmerlid.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 20/20 Forvaltingsrevisjonsrapport om investeringsprosjekt i Ålesund kommune.**

*Vedlegg: pdf rapport «Investeringsprosjekt» datert 5. juni 2020.*

*Rapporten er sendt på høyring til kommunedirektøren i tråd med praksis.*

### **Bakgrunn: frå Ålesund kontrollutval si møtebok 4. september 2019:**

*Sak 25/19 - Skisse til forvaltningsrevisjon – investeringsbudsjett.*

*Sakspapir fra kontrollutvalgsekretariatet datert 28. august 2019.*

*Kontrollutvalgets enstemmige vedtak: Kontrollutvalget i Ålesund vedtar framlagte prosjektplan datert 27. august 2019 og setter i gang arbeidet med forvaltningsrevisjon av investeringsprosjekt i Ålesund kommune.*

### **Revisjonen har hatt følgjande problemstilling:**

Prosjektet har vore avgrensa til ein gjennomgang av eit utval av investeringsprosjekt innan vatn og avløp for perioden 2015 til 2018, og har følgjande problemstilling:

Har Ålesund kommune tilfredsstillande system og rutinar som sikrar ei god gjennomføring av investeringsbudsjettet innan vatn og avløp. Herunder:

- a) Kostnadsoverslag som grunnlag for budsjettvedtak
- b) Oppstart med prosjektorganisering, roller og ansvarstilhøve
- c) Planlegging med prosjektplan, framdriftsplan, anskaffingsplan og risikoanalyse
- d) Oppfølging med kontraktsoppfølging, kostnadsprognose og rapportering
- e) Avslutning med prosjektrekneskap, arkivering og evaluering

### **Vurdering:**

Det blir vist til kapittelet 7 i rapporten, konklusjonar og tilrådingar. Her summerer kommunerevisjonen utfordringar framover og moglege tiltak som kan gjere arbeidet betre i framtida.

Møre og Romsdal kommunerevisjon SA seier:

Kommunen har den seinare tid gjort eit viktig arbeid med å strukturere gangen i eit prosjekt innan vann og avløp. Dette arbeidet ber etter vårt syn likevel preg av å liste opp mange oppgåver som ei prosjektleiar skal gjere, utan at det er gitt særleg med rettleiing og prosedyrar for korleis alle desse oppgåve skal utførast.

Etter vår vurdering bør kommunedirektøren få på plass ei betre overordna planmessig styring og betre rapportering til politikarar og innbyggjarane, når det gjeld gjennomføring av prosjekt innan VA. Vidare er det viktig at planar og framdrift i prosjekta er godt forankra på kommunalsjefnivå.

Etter vår vurdering er det viktig at kommunedirektøren legg ein strategi for å løyse utfordringane i høve til kapasitet ved utbyggingsavdelinga. Dette inneber ein strategi for utvikling av eigne ressursar og ein innkjøpsteknisk strategi knytt til leige av eksterne ressursar.

Vi vil anbefale kommunen å gjere ei evaluering av organiseringa av VA prosjekt. Vi siktar her til ansvarshøva mellom prosjektleiar og det som blir omtalt som ei prosjektgruppe. Etter vår syn er det ein stor risiko for at ein tilslører ansvarshøva ved organiseringa slik den er i dag, og då særleg i høve til kven som har ansvaret for økonomien i eit prosjekt.

Det blir ikkje oppretta ei prosjektgruppe i vanleg forstand som består at personar som har ansvar for dei ulike prosjektstyringsprosessane. Den som blir prosjektleiar i utbyggingsavdelinga synast å vere særse aleine i å skulle gjennomføre eit breitt spekter av oppgåver som krev god erfaring og kompetanse. Truleg kan ein med fordel leggje opp til at dei som arbeider ved utbyggingsavdelinga blir gitt ei viss grad av spesialisering. Kommunen bør etter vårt syn gjere ei formalisert vurdering i høve til å setje saman ei prosjektgruppe i vanleg forstand.

Investeringsprosjekta innan VA har, slik vi vurderer det, ikkje reelle budsjetttrammer som ein skal halde. Etter vårt syn bør kommunedirektøren prioritere å få ein fortgang i det arbeidet som økonomiavdelinga har arbeidd med dei seinare år i høve til å får på plass reelle budsjetttrammer vedteke av kommunestyret. Dette kan sørgje for ein betre disiplin i høve til å gjennomføre prosjekta i tråd med ein vedteken plan.

Dei sentrale styringsdokumenta bør etter vårt syn innehalde meir informasjon om prosjekta. Vi vil her særleg peike på informasjon som gir oversikt utover det eittårige perspektivet.

Vi skal vidare summere opp våre anbefalingar i høve til dei ulike prosessane. Det er viktig at ein ikkje les dette som eit pålegg frå kommunerevisjonen, men noko som vi meiner kommunedirektøren bør vurdere. Ressursar sett av til styring av eit investeringsprosjekt inneber mindre ressursar til andre oppgåve, og prosjektstyring er eitt av fleire omsyn ein må veie. Utbyggingsavdelinga har avgrensa kapasitet og ein må vere varsam med å stille så strenge krav til prosjektleiarane at det oppstår ei overadministrering av prosjekta.

Kommunen bør utarbeide skiftlege retningslinjer eller prinsipp som gir rettleiing til prosjektleiaren i høve til handtering av usikkerheit i dei ulike fasane.

Kommunen bør utvikle prosedyremalar som for alle investeringsprosjekt gir hjelp til å:

- Utforme eit prosjektmandat
- Gjennomføre ei interessantanalyse
- Handtere endringsstyring og omfangsstyring
- Utforme ein overordna prosjektplan og framdriftsplan for heile prosjekt
- Gjennomføre ei heilskapleg risikoanalyse
- Utforme ein anskaffingsplan
- Gjennomføre ei evaluering
- Gjere ei formell avslutning

#### **Sekretariatet si vurdering av rapporten:**

Vurderinga til sekretariatet er at rapporten svarer på bestillinga som kontrollutvalet gjorde i møtet sitt i sak 25/19 den 4. september 2019.

Kontrollutvala jobbar etter ein bestiller-utførarmodell der kontrollutvalet har bestillar-rolla og revisjonen har utførar-rolla.

Sekretariatet er administrasjonen til kontrollutvalet og hjelper utvalet i å utføre bestillar-rolla. Utvalet bestiller forvaltingsrevisjon, selskapskontroll og eventuelt andre undersøkingar, mens rekneskapsrevisjon er eit løpande oppdrag. Revisjonen rapporterer resultatet av arbeidet sitt til kontrollutvalet, som igjen rapporterer til kommunestyret.

For saker som kjem frå revisjonen, vil oppgåva til sekretariatet i hovudsak vere å sikre at produktet er i samsvar med bestillinga til kontrollutvalet. Dette inneber ikkje at sekretariatet skal vurdere metodeval, prosjektdesign, datainnhenting, lovbruk og vurderingar som framkjem i rapportane til revisoren. Dette må revisor sjølv bere ansvaret for gjennom dei kvalitetssystema som skal vareta dette.

#### **Anbefalinger i tråd med rapporten sine konklusjoner:**

Kommunerevisjonen si vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttrekneskap. Kommunen bør utarbeide eit standardoppsett for prosjektrekneskap som mogleggjer ei overordna og samla oppfølging av prosjektøkonomien.

Kommunen bør gjere ein gjennomgang av rutinar for arkiv vedkomande dokument som vedkjem investeringsprosjekta. Vidare bør kommunen gjere ei vurdering av behovet for edb-løysningar som kan understøtte prosjektprosessane på ein betre måte enn dagens system med ACOS Websak og flatfiler. Etter vår vurdering synleggjer vår gjennomgang eit behov for å få på plass eit meir spesialisert prosjektstyringsverktøy som har ei god dokumenthandtering.

Saka blir lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

#### **Innstilling frå kontrollutvalet:**

1. Kommunestyret viser til konklusjonar til revisjonsrapporten i kapitel 7 og føreset at kommunedirektøren tek rapporten til etterretning, og følgjer opp dei tilrådingar som blir gitt.
2. Kommunestyret føreset at det blir utarbeidd prosedyremalar innan dei områda som spesifikt blir nemnde i rapporten, for å minimere faren for systemsvikt og manglande kontinuitet i arbeidet med investeringsprosjekt i framtida.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## Sak 21/20 Årsmelding 2019 Skodje kommune

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2019 – Skodje kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Skodje kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 22/20 Årsrekneskapen 2019 Skodje kommune.**

### **Som pdf vedlegg følger:**

1. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 – Skodje kommune datert 20. mai 2020.
2. Skodje kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale til kommunestyret:**

Skodje kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Skodje kommune som viser kr 291 151 409 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig resultat på kr 0. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av *Rådmannens årsmelding*, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

## **Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen**

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver vert det vist til:  
[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

## **Utsegn om andre lovmessige krav**

### **Konklusjon om budsjett**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### **Konklusjon om årsmeldinga**


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 20. mai 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Anne Nygård

*oppdragsansvarleg revisor*

## **Sak 23/20 Årsmelding 2019 Sandøy kommune.**

**Som pdf vedlegg følger:**

- Årsmelding 2019 – Sandøy kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Sandøy kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 24/20 Årsrekneskapen 2019 Sandøy kommune.**

### **Som pdf vedlegg følger:**

1. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 – Sandøy kommune datert 11. juni 2020.
2. Sandøy kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale til kommunestyret:**

1. Sandøy kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet gjer merksam på at årsrekneskapen 2019 ikkje blei avlagt innan fristen 15. februar 2020, noko som kommunelova krev.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

## Melding frå uavhengig revisor

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sandøy kommune som viser kr 109 239 149 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 130 210. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av *Rådmannens årsmelding*, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

#### Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver vert det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

## **Utsegn om andre lovmessige krav**

### **Konklusjon om budsjett**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

## **Andre forhold**

Utan at det har betydning for våre konklusjonar vil vi presisere at kommunen sin årsrekneskap ikkje vart avlagt innan fristen i kommuneloven 15. februar 2020, og årsmeldinga ikkje avlagt innan fristen 31. mars 2020.

Kommunen har ikkje vedtatt finansreglement i siste valperiode.

Ålesund, 11. juni 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

## **Sak 25/20 Årsmelding 2019 Haram kommune.**

**Som pdf vedlegg følger:**

- Årsmelding 2019 – Haram kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2019 for Haram kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 26/20 Årsrekneskapen 2019 Haram kommune.**

### **Som pdf vedlegg følger:**

1. Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2019 – Haram kommune datert 12. juni 2020.
2. Haram kommune - årsrekneskapen 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale til kommunestyret:**

Haram kommune sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Til kommunestyret i Ålesund kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

##### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Haram kommune som viser kr 580 236 331 til fordeling drift og elt rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 30 174 804. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### Ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av *Rådmannens årsmelding*, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## **Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen**

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## **Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver vert det vist til:  
[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

## **Utsegn om andre lovmessige krav**

### **Konklusjon om budsjett**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Ålesund, 12. juni 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**



Anne Nygård  
oppdragsansvarleg revisor

## Sak 27/20 Prosjektrekneskapen 2019 fellesnemnda nye Ålesund.

### Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til prosjektrekneskapen 2019 – fellesnemnda nye Ålesund datert 25. mai 2020.
2. Prosjektrekneskapen 2019 – fellesnemnda nye Ålesund.

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

Heimelgrunnlaget finn vi i Ot.prp. nr. 41 (2000-2001). Her seiast det under pkt.8.2.3:

*«Når det gjeld folkevalt kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den liggje til den enkelte kommunen sitt kontrollutval, som kan føre kontroll på vegne av sin kommune. Dermed må revisor rapportere til alle dei aktuelle kommunane/fylkeskommunane.»*

Ut fra dette er det naturleg at den enkelte kommunes kontrollutval og kommunestyrene får kopi av revisors revisjonsberetning/uttalelse.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale til kommunestyret:**

Fellesnemnda nye Ålesund sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Til kommunestyret i  
Ålesund kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet i Ålesund kommune

## **MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR TIL PROSJEKTREGNSKAP FOR FELLESNEMNDA FOR SAMANSLÅING AV HARAM, SANDØY, SKODJE, ØRSKOG OG ÅLESUND KOMMUNAR**

### **Konklusjon**

Vi har revidert prosjektrekneskapen for fellesnemnda i Nye Ålesund kommune for 2019, som viser sum drifts- og investeringsutgifter på kr 40 900 305 og sum ubrukte midlar kr 11 399 255. Prosjektrekneskapen består av regneskapsoppstilling over drift, investering og oversikt over bundne fond. Prosjektrekneskapen er utarbeidd av kommunedirektøren.

Etter vår meining er prosjektrekneskapen for fellesnemnda i Nye Ålesund kommune for 2019, i det alt vesentlege eit uttrykk for fellesnemnda sitt resultat og stilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er omtalt i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektrekneskapet*. Vi er uavhengige av fellesnemnda og kommunane slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### **Presisering – grunnlag for rekneskapen**

Prosjektrekneskapen er utarbeidd for å gi informasjon til fellesnemnda og kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund. Prosjektrekneskapen er difor ikkje nødvendigvis egna for andre formål.

### **Fellesnemnda sitt ansvar for prosjektrekneskapet**

Fellesnemnda er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som fellesnemnda finn naudsynt for å kunne utarbeide eit prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

**Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen som heilheit ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på prosjektrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i prosjektrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av organisasjonen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om dei brukte rekneskapsprinsippa er formålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga er rimelege

Vi kommuniserer med leiinga mellom anna om informasjon om forhold av betydning som vi har avdekt i samband med revisjonen, også om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Ålesund, 25. mai 2020

**Møre og Romsdal Revisjon SA**

Anne Nygård

Anne Nygård

oppdragsansvarleg revisor

# Nye Ålesund kommune

## Prosjektrekneskap 2019

<b>Driftsutgifter</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Lønn stillingar i prosjektorganisasjonen	9 286 484	8 000 000
Husleige og inventar/utstyr	2 472 669	1 550 000
Møtegodtgjersle folkevalde	1 378 142	2 500 000
Frikjøp tillitsvalde	630 210	2 000 000
Interne frikjøp, kompensasjon prosjektarb. og konsulenttenester	5 289 479	9 000 000
Kurs, møter, opplæring, arrangement	293 769	3 000 000
Reiseutgifter	884 443	1 000 000
Annonser, informasjon, profil, skilt	797 812	3 400 000
Til disposisjon (IKT-utgifter m.v.)	3 261 841	3 874 000
Betaling til andre - The North West AS	847 200	
5047 - Infrastruktur: Fiberkabel til kommunal drift	569 548	
5047 - Infrastruktur: Gang og sykkelveg - utgreiing	0	
5048 - Teknologistøtta samfunnsplanlegging	2 700 000	
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>28 411 597</b>	<b>34 324 000</b>

<b>Investeringsutgifter</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Budsjett 2019</b>
5047 - Infrastruktur: Fiberkabel til kommunal drift		
2510150	5 137 293	3 420 000
Kjøp av aksjer og andeler - The North West AS	1 050 000	
Kjøp av utstyr IKT	306 825	997 000
Konsulenttenester IKT	5 787 579	4 734 000
Fiber/breiband der det ikke er kommersielt lønsamt - utgreiing	207 011	
<b>Sum investering</b>	<b>12 488 709</b>	<b>9 151 000</b>
<b>Sum drifts- og investeringsutgifter</b>	<b>40 900 305</b>	<b>43 475 000</b>

<b>Finansiering</b>	<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Refusjonar	-22 229 -	850 000
Salgsinntekter	-1 350	
Renteinntekter	-485 390	
Statstilskudd øremerka	-100 000 -	206 000
Overføringar	-619 996	
5048 -overføringar	-1 950 000	
Netto bruk/avs Fond	-35 433 599 -	42 419 000
Kompensasjon meirverdiavgift investering	-2 287 742	
<b>Sum finansiering</b>	<b>-40 900 305 -</b>	<b>43 475 000</b>

## Nye Ålesund kommune

Oversikt over fond/ubrukte midlar

Rekneskap 2019

<b>NYE ÅLESUND KOMMUNE</b>	<b>FOND 2510135</b>
IB 2019	-40 655 233
BEVEGELSE	30 774 630
<b>Per 31.12</b>	<b>-9 880 603</b>

<b>DELPROSJEKT P2: POLITISK ORG., DEMOKRATI OG MEDVERKNAD</b>	<b>FOND 2510138</b>
IB 2019	-360 530
BEVEGELSE	360 530
<b>Per 31.12</b>	<b>0</b>

<b>INFRASTRUKTUR TILSKUDD 5047 *</b>	<b>FOND 2510140</b>
IB 2019	-5 000 000
BEVEGELSE	4 306 348
<b>Per 31.12</b>	<b>-693 652</b>

<b>SAMARBEID OM KLIMA, AREAL MM - SULA, GISKE M.FLERE - 5048</b>	<b>FOND 2510152</b>
IB 2019	0
BEVEGELSE	-950 000
BEVEGELSE	950 000
<b>Per 31.12</b>	<b>0</b>


<b>NY PLANSTRATEGI OG SAMFUNNSPLAN, 2644</b>	<b>FOND 2510144</b>
IB 2019	-1 000 000
BEVEGELSE	175 000
<b>Per 31.12</b>	<b>-825 000</b>

<b>UNIVERSITETSKOMMUNE</b>	<b>FOND 2510142</b>
IB 2019 Fordring på tilskot Universitetskommune	182 909
BEVEGELSE	- 182 909
<b>Per 31.12</b>	<b>0</b>

Sum bundne fond/ubrukte tilskot per 31.12.2019

- 11 399 255

Ålesund,



Astrid J. Eidsvik  
kommunedirektør

## **Sak 28/20 Årsrekneskapen 2019 Ingebrigt Davik Huset KF.**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding datert 15. juni 2020.
2. Årsmelding og rekneskap 2019

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale til kommunestyret:**

Ingebrigt Davik Huset KF sin rekneskap for 2019 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Til kommunestyret i Ålesund

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren  
Styret

## **MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR**

### **Uttale om revisjonen av særrekneskapen**

#### **Konklusjon**

Vi har revidert særregnskapet for Ingebrigt Davik- Huset KF som viser eit netto negativt driftsresultat på kr 259 754 og eit regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk på kr 0. Særrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2019, driftsregnskap avslutta per denne datoen og notar til særrekneskapen.

Etter vår meining er den særrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ingebrigt Davik Huset KF per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er omtala i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av særrekneskapen*. Vi er uavhengige av føretaket slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon er føretaket si årsmelding, men ikkje særrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av særrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av særrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom ytterlegare informasjon og særrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

## *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for særreknescapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide særreknescapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein særreknescap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av særreknescapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at særreknescapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på særreknescapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

## **Utsegn om andre lovmessige krav**

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for særreknescapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i særreknescapen stemmer med regulert budsjett.

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om særreknescapen er konsistente med særreknescapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av særreknescapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av føretaket sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 15. juni 2020

**Møre og Romsdal Revisjon Sa**

Anne Nygård

Anne Nygård

oppdragsansvarlig revisor